

## **Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 25.11.2020**

**Kristina Vaktskjold Hamre, KrF**, sette på vegner av KrF, A, SP, SV og MDG fram slikt tilleggsforslag:

«Fagskular og alle videregående skular i Vestland med blåe utdanninger, bør om mogleg knyte seg til kompetansesenteret.»

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Hamre sitt tilleggsforslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet stør vidare arbeid for etablering av Blått kompetansesenter vest.
2. Fylkesutvalet vil vurdere ein partnarskapsavtale med Blått kompetansesenter vest frå 2022.
3. Løyvinga vil ha økonomiske konsekvensar for seinare år med kr 500.000.- pr år frå 2021 til og med 2023. Det vert lagt til grunn at desse vert dekka innanfor sektorane sine budsjett.
4. Fagskular og alle videregående skular i Vestland med blåe utdanninger, bør om mogleg knyte seg til kompetansesenteret.